



Fylkesmannen i Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kurs skuleåret 2007 - 2008



Regionale kurs for lærarar skuleåret 2007 - 2008

Den kulturelle skolesekken i Hordaland, Hordaland fylkesbibliotek og Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga samarbeider om tilrettelegging av regionale kurs for lærarar for skuleåret 2007/2008. Kursa er utvikla og lagt til rette for å vere tilpassa lærarplanverket - Kunnskapsløftet.

1. I samband med kompetanseplan for formidling/norskfaget:

- Kurs; "Levande forteljing". På kurset får deltakarane ei god innføring i korleis dramatisere folkeeventyr og andre forteljingar. Ein ser på korleis inkludere ein heil klasse i eit eventyr/skodespel.
- Kurshaldarane snakkar om korleis dramatisering kan nyttast i norskundervisinga og som element i lesestimulering, og samstundes integrerast med andre fag.
- Deltakarane får vere med på å lage ei framsyning, og dei får gode tips om korleis dei enkelt, og med små midlar, kan lage ein scenografi til bruk i klasserom eller gymnastikksal.
- Kurshaldarar er Steinar Thorsen frå Vestlandske Teatersenter og Arvid Nilsson frå Bergen Familieteater.

2. I samband med kompetanseplan for filmfeltet:

- Kurs i digital videoverkstad. Dette er eit kurs i videoproduksjon frå A til Å: Målet med kurset er at lærarar i Hordaland skal få innblikk i videoproduksjon og korleis nytte dette i undervisinga på ungdomstrinnet. Lærarane får sjølve lage dreiebok, lære om videofilming, redigering og å leggje på lyd.
- I tillegg til introduksjonen til den praktiske sida av videoproduksjonen, kjem verkstaden først og fremst til å fokusere på forteljarteknikkar, filmatiske verkemiddel og analyse av bilete.
- Kurset kan setjast i samband med DKS-turneen 'Videoverkstad på hjul', og dei kommunane som får prosjektet vil verta særskilt prioriterte. Bergen Kunstmuseum har lang erfaring i å arrangera lærarkurs i samband med videoverkstad.
- Kurset vert lagt til Bergen Kunstmuseum v/Bendik Johnsen.

3. I samband med kompetanseplan for naturfag og matematikk:

- Kortkurs i samband med turneen 'Vitensenter på hjul'. Lærarkurset vert halde for lærarane på dei skulane som har vitjing av turneen, og er ein obligatorisk del av opplegget.
- Lærarane får tips og idear til enkle og billige eksperiment ein kan nytte direkte i naturfag- og matematikkundervising. Eksperimenta er utarbeidd med utgangspunkt i kunnskapsløftet for naturfag og matematikk.

Generelle opplysingar om kursa:

- Kursa i formidling og videoproduksjon vert arrangerte som heildagskurs for kursregionane. Dette vert ordna slik at kvar av dei 5 kursregionane får ein dag kvar til disposisjon for kvart av kursa. Kursa får individuell påmelding, så her gjeld prinsippet om fyrste mann/kvinne til mølla. "Digital videoverkstad" vert lagt til Bergen Kunstmuseum i Bergen by, kurset i formidling vert halde i regionane.
- Samtlege kursdeltakarar får utlevert lærarorientering som del av kursa. Dei er praktisk orienterte og gjev gode undervisningsreiskap for lærarane.
- Kursregionssekretærane i Hordaland vil gje informasjon om eventuell kursavgift. Utgifter til kurshaldarar vert finansiert gjennom samarbeidet mellom Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen, Den kulturelle skolesekken i Hordaland, Fylkesbiblioteket og Bergen Kunstmuseum.
- Kommunane som skuleeigarar må dekkje reise, diett og opphald for kursdeltakarane. Me ser på desse kursa som ein del av Kunnskapsløftet og implementering av nye læreplanar. Kursa kan difor gå inn som ein del av kommunale strategiplanar for kompetanseutvikling.
- For kurs 1 vil lærarar på barnetrinnet vere målgruppa. Kurs 2 er særleg aktuelt for lærarar på ungdomstrinnet. Kurs 3 for 1. til 7. trinnet) vert berre halde på dei grunnskulane som deltek i turneen.
- Både kursa vert halde i januar/februar 2008.
- Forslag til kursdagar for dei ulike regionane er:

Kurs 1, Forteljing/drama/formidling:

Måndag 4. februar – Voss/Hardanger kursregion

Tysdag 5. februar – Nordhordland kursregion

Onsdag 6. februar – Ytre midthordland kursregion

Torsdag 7. februar – Midthordland kursregion

Fredag 8. februar – Sunnhordland kursregion

Maksimum 25 deltakarar pr. kursdag.

Kurs 2, Digital videoverkstad (Bergen Kunstmuseum):

Måndag 21. januar – deltakarar frå Sunnhordland kursregion

Tysdag 22. januar – deltakarar frå Midthordland kursregion

Onsdag 23. januar – deltakarar frå Voss/Hardanger kursregion

Torsdag 24. januar – deltakarar frå Ytre Midthordland kursregion

Fredag 25. januar – deltakarar frå Nordhordland kursregion.

Maksimum 25 deltakarar pr. kursdag.

Meir detaljerte opplysingar om kursinnhald, påmelding osv. kjem i eige skriv tidleg i haust.

Me tek atterhald om einskilde endringar for kursavviklinga. Dersom de ynskjer meir informasjon om nokre av tilboda no, kan de senda ein e-post eller ringje til:

marit.brendbekken@hordaland-f.kommune.no	Tlf. 55239976 (Etter 6. august)
helge.skurtveit@hordaland-f.kommune.no	Tlf. 55239372
toril.tysseland@fylkesmannen.no	Tlf. 55572373
arnulf.henriksen@post.hfk.no	Tlf. 55239981